



NVE

BREMANGER KOMMUNE

Postboks 104

6721 SVELGEN

Vår dato: 03.06.2026

Vår ref.: 202317822-17 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om bygging av nye Dyrstad kraftverk i Bremanger kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein søknad frå Dyrstad kraftverk AS om løyve etter vassressurslova til å auke utnyttinga av vassressursane i Dyrstadelva gjennom bygging av nye Dyrstad kraftverk. Søknaden blir no send på høyring med høyringsfrist **05.08.2026**.

Kva blir det søkt om?

NVE har fått søknad frå Dyrstad Kraft AS, datert 13.11.2023 og oppdatert 27.05.2026, om løyve etter vassressurslova til bygging av nye Dyrstad kraftverk i Bremanger kommune. Tiltaket omfattar ei oppgradering og utviding av eksisterande anlegg, med nytt inntak i Ytre Stølsvatnet på kote 321,6 og ny kraftstasjon ved fjorden på kote 4. Kraftverket vil utvide fallhøgda frå 268 til 318 meter. Vassvegen vil bestå av ny og eksisterande røyrgate med samla lengde om lag 1500 meter, samt overføring av eit delfelt via røyr. Det nye kraftverket auke den installert effekten frå 1 MW til 4,3 MW, og produksjonen vil auke frå 4,6 GWh/år til 10,2 GWh/år. Aukinga svarar til straumbruken til om lag 280 husstandar. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9179/v. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova og gjeld løyve etter vassressurslova § 8.

Informasjon om saksbehandlinga finn du på NVE si nettside: www.nve.no/saksgang-vannressursloven

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9179/v)

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høringsfråsegn og saksnummer 202317822» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høringsfråsegn og saksnummer 202317822» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **05.08.2026**

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høringsfråsegna lang, oppmodar NVE høringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Bremanger kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Hans Kristian Bugge Tørset

Avdelingsingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Norges Jeger- og Fiskerforbund
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
BREMANGER KOMMUNE
NORGES NATURVERNFORBUND
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
Kystverket
Norges Jeger- og Fiskerforbund - Sogn og Fjordane
Mattilsynet
Keipen Turlag
NATURVERNFORBUNDET I SOGN OG FJORDANE
NHO Reiseliv
Forum for Natur og Friluftsliv Sogn og Fjordane
Norsk Maritimt Museum



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

Norsk Friluftsliv
STATSFORVALTEREN I VESTFOLD OG TELEMARK
MOTVIND NORGE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
LINJA AS
Vestland vassregion - Merete Farstad

Kopimottakarliste:

NORSK VANNKRAFT AS